



# Vågsøy kommune

## Møteprotokoll

### Helse- og omsorgsutvalg

**Møtested:** Formannskapssalen, 3. etg.

**Møtedato:** 19.01.2015

**Tidspunkt:** 09:00 - 11:45

**Til behandling:** Saksliste nr. 001/15 - 003/15

#### Medlemmer:

- SP - Nils Isak Myklebust (Leder)
- AP - Helen Hjertaas (Nestleder)
- FRP - Lars Truls Kjølen (Medlem)
- H - Inger Grethe Dalehamn (Medlem)
- H - Reidun Synnøve Blaalid (Medlem)

#### Varamedlemmer:

- SV - Herdis Holvik (Varamedlem)

#### Forfall:

- SV - Viviann Midtbø (Medlem)
- V - Geir Arne Solheim (Medlem)

Av 7 medlemmer møtte: 5. Totalt frammøtte: 6.

Fra administrasjonen møtte: kommunalsjef Jeanette Jensen.

Måløy, 19.01.2015

Jeanette Jensen  
kommunalsjef

Irene Sivertsen  
konsulent

## **Følgende saker ble behandlet:**

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	
001/15	Godkjenning av møteprotokoll	
002/15	Referatsaker	
003/15	Revidert plan for kjøp av interkommunal samfunnsmedisinsk teneste	

## **Orienteringer v/kommunalsjef Jeanette Jensen:**

1. Heltidsvalget:
2. Folkehelseplan
3. Bryggen Panorama
4. Avlastningsbolig på Kulen

## **Stilling kommunalsjef helse og omsorg:**

Jeanette Jensen er fra 01.01.2015 fast tilsett som kommunalsjef helse og omsorg.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse- og omsorgsutvalg	19.01.2015	001/15

<b>Endelig vedtak i:</b> Helse- og omsorgsutvalg	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/73	<b>Saksansvarlig:</b> Irene Sivertsen
---	------------------------------	--

## Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

### 19.01.2015 Helse- og omsorgsutvalg

#### Møtebehandling:

Ingen merknader.

### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

HS-001/15

#### Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Vedlagt følger møteprotokoll fra møte 24.11.2014.

Vedlegg:

Dok.nr  
153702

Tittel på vedlegg  
HS 24.11.2014



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse- og omsorgsutvalg	19.01.2015	002/15

<b>Endelig vedtak i:</b> Helse- og omsorgsutvalg	<b>Arkivsaknr.:</b> 15/72	<b>Saksansvarlig:</b> Irene Sivertsen
---	------------------------------	--

### Referatsaker

#### Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

#### 19.01.2015 Helse- og omsorgsutvalg

##### Møtebehandling:

Kommunalsjef Jeanette Jensen orienterte.

Ref. sak 2: Årsmelding 2014 Pasient- og brukerombudet i Sogn og Fjordane:

SV v/repr. Herdis Holvik ønsker oversikt over antall klager på behandling innen institusjon/hjemmetjeneste samt oversikt over antall klager på vedtak.

Kommunalsjef Jeanette Jensen vil skaffe oversikt/rapport over dette til neste møte i Helse- og omsorgsutvalget som er 09.03.2015.

Ref. sak 4: Rundskriv A-1/2014 - Statlige veiledende retningslinjer for økonomisk stønad 2015:

AP v/Helen Hjertaas ønsker oversikt over hvor mange som er under fattigdomsgrensen i Vågsøy kommune.

SV v/repr. Herdis Holvik ønsker oversikt over skjønnsmessige utlegg.

Kommunalsjef Jeanette Jensen vil skaffe oversikten til neste møte 09.03.2015.

Ref. sak 7-10: Virksomhetsplaner 2015 – ansvar 3450, 3660, 3900 og 3610:

SV v/repr. Herdis Holvik ønsker en mer oversiktlig virksomhetsplan der alle enhetene i pleie og omsorg er oppført i et skjema, og ikke i flere skjemaer slik de gjør per i dag. Dette vil bidra til å gjøre virksomhetsplanen mer oversiktlig.

AP v/repr. Helen Hjertaas ønsker oversikt over kostnader i virksomhetsplanen.

Kommunalsjef Jeanette Jensen tar med seg innspillene videre til administrasjonen.

#### Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

HS-002/15

#### Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

## Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID		Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	14/13548	I	23.11.2014	Helsedirektoratet - Avdeling kjernejournal og e- resept	Kjernejournal innførast i Helse Vest våren 2015
2	14/14555	I	19.12.2014	Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane	Årsmelding 2014 Pasient- og brukarombodet i Sogn og Fjordane
3	14/13050	I	14.11.2014	Det kongelige helse- og omsorgsdepartement et	Endringer i pasient- og brukerrettighetsloven fra 01.01.2015 - brukerstyrt personlig assistanse
4	14/14662	I	19.12.2014	Det Kongelig Arbeids- og Sosialdepartement	Rundskriv A-1/2014 - Statlige veiledende retningslinjer for økonomisk stønad 2015
5	14/14608	I	19.12.2014	Det kongelige helse- og omsorgsdepartement et	Informasjon om nye regler om behandling av helseopplysninger
6	15/77	I	05.01.2015	Kreftforeningen	Videreføring - kreftkoordinator i kommunen
7.	Virksomhetsplan 2015 - ansvar 3450				
8.	Virksomhetsplan 2015 - ansvar 3660				
9.	Verksemdsplan 2015 - ansvar 3900				
10.	Virksomhetsplan 2015 - ansvar 3610				



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse- og omsorgsutvalg	19.01.2015	003/15
Formannskap	22.01.2015	009/15
Kommunestyre	29.01.2015	

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 12/858	Saksansvarleg: Jeanette Jensen
------------------------------------	------------------------	-----------------------------------

## Revidert plan for kjøp av interkommunal samfunnsmedisinsk teneste

### Rådmannen si innstilling

1. Vågsøy kommune slutter seg til det interkommunale samarbeidet i Sunnfjord om miljøretta helsevern, smittevern, samfunnsmedisinsk rådgjeving/folkehelse frå den tid dette formelt er avklara.
2. Det vert å inngå avtale med Flora kommune som vertskommune, tilsvarande den standard avtalen som ligg føre for dei kommunane som så langt er med i samarbeidet
3. Meirkostnad i 2015 vert å innarbeide i seinare budsjettrevisjon.

### 19.01.2015 Helse- og omsorgsutvalg

#### Møtebehandling:

Kommunalsjef Jeanette Jensen orienterte og svarte på spørsmål Helse- og omsorgsutvalget stilte.

Det fremkom ingen endringsforslag.

### Votering

Rådmannens innstilling til vedtak enstemmig vedtatt.

HS-003/15

### Helse- og omsorgsutvalgets innstilling til vedtak:

1. Vågsøy kommune slutter seg til det interkommunale samarbeidet i Sunnfjord om miljøretta helsevern, smittevern, samfunnsmedisinsk rådgjeving/folkehelse frå den tid dette formelt er avklara.
2. Det vert å inngå avtale med Flora kommune som vertskommune, tilsvarande den standard avtalen som ligg føre for dei kommunane som så langt er med i samarbeidet
3. Meirkostnad i 2015 vert å innarbeide i seinare budsjettrevisjon.

## Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

- Lov om folkehelsearbeid av 24.06.2011
- Lov om smittsamt sjukdomar av 05.08.1994
- Forskrift om oversikt over folkehelse av 28.06.142
- Forskrift om miljøretta helsevern av 25.04.2003
- Diverse andre forskrifter knytt til lova

## Bakgrunn for saka

Med samhandlingsreforma og ny lov om folkehelsearbeid gjeldande frå 2012, fekk kommunane større og tydelegare krav til innsats innafor samfunnsmedisin.

Det gjeld ikkje minst:

- Strengare krav til det førebyggjande helsearbeidet i kommunane der føremålet er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale helseskilnader
- Krav til å ha oversikt over helsetilstanden i befolkninga og kva for positive og negative faktorar som påverkar denne,- dette som grunnlag for politisk prioritering av tiltak
- For å hindre uheldige miljøfaktorar som påverkar folkehelsa negativt, er det krav om godkjenning av eller meldeplikt for , ei rekke objekt i medhald av forskrift om miljøretta helsevern. Ei viktig oppgåve er difor som tidlegare, å drive sakshandsaming, tilsyn og opplysningsverksemd knytt til regelverket.
- Smittevernarbeid er også ei oppgåve som kommunane må ta på det største alvor, jfr. fare knytt til tuberkulose, resistente bakteriar, pandemiar, ebolasmitte m.m.

Kommunestyra i Vågsøy, Selje, Eid, Hornindal, Gloppen og Stryn fatta våren 2011 vedtak om å søkje prosjektmidlar for utgreiing av ei felles samfunnsmedisinsk teneste i Nordfjord.

Rapporten låg føre sommaren 2012 og rådde til oppretting av ei interkommunal teneste etter vertskommunepriippet. Framlegget omfatta oppretting av 2,15 årsv. ( 1,15 årsv. lege/ spesialist i samfunnsmedisin + 1 årsv. for sakshandsamar i miljøretta helsevern) til ein total kostnad på mellom 2,0-2,2 mill.kr. fordelt etter den etablerte standarden 25 % likt og 75 % etter folketal. Nokre kommunar ville kunne omdisponere ein viss stillingsressurs inn i fellestenesta, medan andre måtte rekne med netto kostnadsauke tilsvarande heile sin del av utgiftene ved tiltaket.

Grunngjevinga for framlegget var at samfunnsmedisinske oppgåver er eit mykje nedprioritert område i kommunane med minimal bruk av ressursar, og at det er vanskeleg å sjå korleis kommunane skal klare å følgje opp forpliktinga til å ha robust samfunnsmedisinsk teneste utan å satse i lag.

Etablering i fellesskap med andre vil dessutan medføre:

- \* stillingsstorleikar som er interessante, og som vil gjere rekruttering særleg av lege, enklare.
- \* samling av tenesta gjev rom for fagleg fellesskap, fagleg fordjuping og eit aktivitetsomfang som bidrar til kompetanseutvikling
- \* rasjonelle tenester med gunstigare utgiftsnivå enn om kvar kommune skal bygge ut tenester åleine

Rapporten vart handsama av dei respektive kommunestyra hausten 2012.

I utgangspunktet fatta 5 av dei 6 kommunane likelydande prinsippvedtak om etablering av ei interkommunal teneste og om å vurdere prosjektet inn som ein del av økonomiplan for 2013-2016. Oppstart var då tenkt hausten 2013 i påvente av avklaringar og forhandlingar med Helse Førde om bruk av Nordfjord sjukehus som lokale for diverse interkommunale helsetenester.

Fordi Gloppen trakk seg ut av samarbeidet og Hornindal gjorde det same i ettertid, er det trong for ny gjennomgang av saka. Med fire kommunar i staden for 6 då tenesta vart planlagt, er det naudsynt med reduksjon av ressursinnsatsen.

## Saksopplysningar / fakta

To alternativ kan vere aktuelle:

1. Etablere felles samfunnsmedisinsk teneste for kommunane Vågsøy, Selje, Eid og Stryn
2. Kjøpe teneste frå det interkommunale samarbeidet i Sunnfjord med Flora som vertskommune.

### Alt. 1 interkommunal teneste for Vågsøy, Selje, Eid og Stryn:

Vedlegg syner innbyggjartal og dei fleste objekta innafor miljøretta helsevern som er relevante for dei 4 kommunane som har ca 21 900 innbyggjarar.

Det vil ikkje vere midlar til heil stilling som samfunnsmedisinar i tillegg til tilstrekkeleg stilling for sakshandsmar i miljøretta helsevern. Aktuelt stillingsomfanget vil vere ca 1,6 årsv til saman for lege og sakshandsamar i miljøretta helsevern. Dette tilsvarar 13 708 innb. pr årsverk.

For lege kan aktuell kombinasjon vere oppgåver knytt til legevakt, KAD (kommunal akutt døgneining) eller fastlegearbeid / deltid.

Brutto budsjett utgjer minimum kr. 1 567 000, jfr. vedlegg.

Kostnadsdeling mellom kommunane med utgangspunkt i 25 % lik og 75 % etter folketal pr. 01.01.14 utgjer:

Kommune	Folketal / %	Kostnad pr år
Vågsøy	6 091 / 28 %	426 900
Selje	2 782 / 13 %	250 700
Eid	5 926 / 27 %	415 200
Stryn	7 134 / 32 %	473 900
Sum	21 933	1 566 700

### Alt. 2: Kjøp av teneste frå Flora kommune

Dei 10 kommunane som inngår i samarbeidet i Sunnfjord med Flora som vertskommune, omfattar vel 48 800 innbyggjarar. Tenesta har 3 årsverk og oppgåvene dekkjer dei same oppgåvene som er tenkt lagt til ei interkommunal teneste i Nordfjord.

Kostnadsdelinga mellom kommunane er basert på 50 % likt og 50 % etter folketal.

Både Flora kommune og dei samarbeidande kommunane er positive til sal av teneste til kommunar nord i fylket, under føresetnad av at det ikkje går ut over dei tenestene som noverande kommunar får. Det vil medføre noko stillingsauke, utan er det førebels er teke stilling til kor mykje. Med utgangspunkt i eksisterande bemanning i høve folketal

(16 016 innb. pr årsv), dreier det seg truleg om auke på mellom 1 - 1,3 årsverk, men det er grunn til å tru at det kan verte stordriftsfordelar. Dette vil i tilfellet kunne gje noko reduserte kostnader for alle kommunane.

Innhaldet i tenestene som Flora tilbyr, går fram av vedlagde årsrapport frå folkehelseavdelinga, power-point presentasjon for rådmenn og kommunalsjefar i Nordfjord den 31.10.14 og gjeldande avtale mellom Flora og 9 andre kommunar.

Av siste side på power-point-presentasjonen går det fram kva som er kalkyla for kostnader for den einskilde kommune i Nordfjord dersom dei inngår avtale.

Som det går fram er stipulert årskostnad for Vågsøy kommune kr 335 500, dvs. kr 91 400 lågare enn budsjettet for ei interkommunal teneste i Nordfjord (som truleg er for lavt budsjettet). Jfr. vedlagde årsbudsjett 2015.

Kostnaden første året vil kunne bli noko høgre grunna supplering av diverse måleinsturment og utstyr.



### Konsekvensar til tilsette

Kjøp av samfunnsmedisinsk teneste frå andre vil få konsekvensar for kommunelege 1. Kommunen har i dag 20 % st. som kommunelege I med ansvarsområde innanfor blant anna følgjande ansvarsområde:  
Samfunnsmedisin m.a., funksjon som smittevern lege, helseberedskap, medisinsk fagleg rådgjeving, miljøretta helsevern, tildelingsnemnd og ansvarleg for administrering av legevakt i kommunen.

Anten kommunen kjøper samfunnsmedisinsk teneste frå ein vertskommune i Nordfjord eller frå Flora, så må kommunen ha ein viss lokal ressurs til medisinsk fagleg rådgjeving overfor andre helse-og omsorgstenester, smittevern oppgåver m.a. tuberkulosearbeid og oppgåver i beredskapsarbeid/planlegging og psykososialt kriseteam.

Ved kjøp av samfunnsmedisinsk teneste er det føresett at stillinga som kommunelege I kan bli redusert.

Lokal aktivitet innafør folkehelsearbeidet vil halde fram som tidlegare ved bruk av ulike kommunale tenester og folkehelsekoordinator i tett samarbeid med frivillig sektor.

### Netto kostnadsauke for Vågsøy ved kjøp av samfunnsmedisinsk teneste

Jfr. vedlagde rekneark med budsjett for ei interkommunal teneste i Nordfjord og den innsparing som er forventa i eiga teneste:

<b>Kjøp av teneste</b>	<b>Kostnad for Vågsøy</b>	<b>Red. i eiga teneste(10%)</b>	<b>Netto auke i kostnad (årskostnad)</b>
Nordfjord	426 900	- 238764	188136
Flora	335 500	- 238764	96736
Differanse	91 400		91400

Sjølv med evt. ekstra kostnad knytt til investeringar første året, vil kostnadsauken for Vågsøy bli vesentleg mindre ved kjøp frå Flora enn ved etablering av teneste i Nordfjord.

Vedlagde avtale mellom Flora og dei samarbeidande kommunane vil verte lagd til grunn ved evt. kjøp av teneste frå kommunar i Nordfjord.

### **Vurdering / konsekvensar**

Det er heilt naudsynt for kommunar i Nordfjord å få på plass ei samfunnsmedisinske teneste som kan ta i vare lovpålagde oppgåver. Ikkje minst på smittevernområdet er stoda kritisk ved at fleire kommunar ikkje har smittevernplan eller oppdatert planverk. Det er delvis store manglar når det gjeld godkjenning, tilsyn og rådgjeving innafør anna miljøretta helsevern og når det gjeld krav til oversikt over helsetilstand m.m., medisinsk faglege vurderingar av utfordringar og innspel til ulikt planverk i kommunane.

Ingen av dei aktuelle kommunane i Nordfjord har tilsett lege med spesialisering i samfunnsmedisin slik det er krav om og ingen har tilfredstillande samfunnsmedisinsk teneste.

Kommunereforma og uvisse om kva som vert framtidig kommunestruktur, kan vere ein kompliserande faktor i vurderingane. Uavhengig av kommunestorleikar, er det truleg at det uansett vil vere mest aktuelt med kjøp av teneste på dette området for å få robust nok teneste.

Kostnaden ved Sunnfjordalternativet vil bli rimelegare enn å etablere eiga teneste i Nordfjord, dette på trass av kostnadsdeling der 50 % av utgiftene vert delt likt mellom kommunane og 50 % etter folketal.

Fordelen er at Flora si teneste er godt etablert og kan syne til gode resultat, system og rutinar som tek i vare viktige funksjonar. Tilbakemeldingar frå kommunane i samarbeidet er at dei er særskildt nøgde med tenesta.

Oppstart av eit nytt prosjekt i Nordfjord vil vere eit mykje meir usikkert prosjekt, ikkje minst når det gjeld rekruttering av samfunnsmedisinar. Ingen av legane i kommunane har spesialistkompetansen i dag og utsiktene til ekstern rekruttering i kombinasjon med andre funksjonar er særskilt uvisst. I tillegg er det signal om at vi ikkje kan rekne med å få etablert tenesta innafør det budsjettet som er skissert.

Det vil dessutan vere snakk om å bygge opp ei ny teneste frå grunnen av for eit lite fagmiljø. Tenesta vil vere så liten at den vert lite robust ved fråvær og vil ikkje kunne ha same variasjon i kompetansesamansetnaden som i Flora.

Oppstartingsstidspunktet er ikkje heilt avklåra og er avhengig av vedtak i andre kommunar. Meirkostnaden i 2015 vil avhenge av oppstartstidspunktet og utgjer ein høvesvis del av årskostnaden på kr. 96.736. Ein kjem attende til innarbeiding i budsjettet i ein seinare budsjettrevisjon.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
156853	Avtale.doc
156854	Kartleggingsskjema 29014 -objekt for miljøretta helsevern.docx
156855	Presentasjon Vågsøy 31 okt 2014.pptx
156857	Oversikt over omfang -objekt miljøretta helsevern Nordfjordkommunane.docx
90540	Prosjektrapport med tilråding.doc
156864	Årsrapport for folkehelseavdelinga 2013 Flora kommune.pdf
156868	Budsjett 2015 Interkommunal samfunnsmedisinske teneste.xls

### Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	15.05.2012	Vågsøy kommune	Samfunnsmedisin
2	I	31.05.2012	Kommunelegen i Vågsøy	Prosjekt
3	I	27.06.2012	Kommunelegen i Vågsøy v/Trond Inselseth	Prosjekt
5	I	05.12.2012	Selje kommune	Melding om vedtak - Interkommunalt samarbeid - samfunnsmedisin
6	I	17.11.2014	Stryn kommune	Kjøp av samfunnsmedisinsk teneste frå Sunnfjord m.fl.
7	I	07.01.2015	Stryn kommune	Revidert opplegg - kjøp av interkommunal samfunnsmedisinsk teneste

